

VEDTEKTER FOR UNDHEIM SAMFUNNSHUS SA

--- §§ ---

Gjeldande frå 28.03.2019

§ 1 Navn og selskapsform

Undheim Samfunnshus SA (vidare kalla USH) er eit samvirkeføretak med vekslande medlemstal, vekslande kapital og avgrensa ansvar.

USH har foretningskontor i Time kommune.

§ 2 Formål

Formålet med USH er å reise og drive eit samfunnshus for på den måten å skaffe innbygarane på staden ein høveleg samlingsstad med rom for møte, festar, kino- og teaterframsyningar, konsertar, idrettslokale m.m.

§ 3 Bruk av huset

USH skal stå ope for alle lovlege formål. Ingen må stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. USH vert elles disponert slik som styreorgana i USH finn det formålsteneleg. Det skal takast omsyn til den økonomiske stoda til ei kvar tid, og til dei sosiale og kulturelle formål som USH skal gje plass til.

Legevilkåra skal vera dei same for alle som leiger USH, anten dei er medlemmar eller ikkje. Dei organisasjonane som har flest andelar i USH, og som har gjort mest for å få det reist, kan likevel ha ein viss førerrett når det gjeld leige av lokale. Dersom det vert usemje om bruken av USH, skal saka avgjerast av kommunestyret eller den som kommunestyret gjev fullmakt til.

§ 4 Andelane

Medlemskap i USH kan teiknast av organisasjonar og lag, institusjonar og einskildpersonar, i form av kontantinnskot, naturalia eller dugnadsarbeid.

Medlemmane har ikkje ansvar for USH sine plikter utover dei andelane som er teikna.

Verdet av kvar andel er kr. 700,- (A-gruppa) eller kr. 50,- (B-gruppa). Det skal førast særskild protokoll over medlemmane og fordelinga av andelane.

A-gruppa er lag og organisasjonar som har andelar i USH. B-gruppa er einskildpersonar som har andelar i USH.

Andelane skal ikkje forrentast og skal ikkje betalst tilbake ved utmelding.

Det skal ikkje betalst medlemskontingent.

§ 5 Overdraging av andelane

Det er ikkje høve til å overdra andelar til andre utan at representantskapet samtykkjer. Andelshavarar i A-gruppa har forkjørsrett til andelar i B-gruppa.

§ 6 Styringsorgana i andelslaget

USH har desse styringsorgana:

- a) Representatskapet
- b) Styret

§ 7 Representatskapet

Til å ta vare på USH sine interesser vel medlemmane eit representantskap der kvar representant har ei røyst. Til representantskapet vel medlemmane i A-gruppa sine representantar etter reglane:

5-25 andelar vel 1 representant.

26-50 andelar vel 2 representantar.

51-75 andelar vel 3 representantar.

76-100 andelar vel 4 representantar.

101 eller fleir andelar vel 5 representantar.

Representasjon frå medlemmane skal reknast etter innbetalte andelar.

Medlemmane i B-gruppa har til saman rett til opptil 5 (fem) representantar etter same skala som fastsett for A-gruppa. Representantane frå B-gruppa vert valde på eige møte av medlemmane i denne gruppa. Styret kallar inn til dette møtet. Kvar eigar av B-andelar har ei røyst.

For kvar representant i representantskapet skal det veljast ein personleg vararepresentant.

Representantskapet vert vald for kalenderåret. Innan utgangen av januar må alle val til representantskapet vere unnagjorde og skriftleg melding sendt styret i USH.

§ 8 Møte i representantskapet

Representantskapet held til vanleg årsmøte og halvårsmøte. Styret, i samarbeid med formann i representantskapet, kallar inn til representantskapsmøte gjennom lokalpressa, ved brev eller oppslag. Innkalling med førebels saksliste skal sendast ut minst ein månad før møtet skal haldast. Framlegg som nokon måtte ønskje å få handsama på møtet, må styret ha minst 14 dagar før møtet skal haldast. Endeleg saksliste skal sendast ut ei veke før møte skal haldast.

Representantskapet er vedtaksført når minst 2/3 av representantane er til stades.

Representantskapet kan ikkje gjere vedtak i andre saker en dei som står på sakslista.

Dei medlemmane som ikkje er representert på møta, er bundne av dei vedtak som vert gjorde.

Representantskapsmøta blir styrde av formannen i representantskapet. Denne blir vald av og innan representantskapet. Funksjonstida er til og med neste årsmøte, sjølv om vedkomande går ut av representantskapet før. Styret, revisor og eventuelt kontrollnemnd i USH, er med på møta i representantskapet, men har ikkje røysterett.

Det skal førast møteprotokoll som blir lesen opp ved slutten av møtet til vedtak og underskrift av formannen i representantskapet og 2 personar valde av årsmøtet.

§ 9 Årsmøte i representantskapet

Årsmøte i representantskapet er øverste organet i USH. Det vert halde innan utgangen av mars og handsamar ordinært denne sakslista:

1. Val av 2 til å skrive under møteprotokollen saman med formannen i representantskapet.
2. Årsmelding og rekneskap.
3. Framlegg til budsjett for det komande året og dei økonomiske disposisjonane elles.
4. Val av styreformann og personlig varamedlem.
5. Val av kassastyrar, styremedlemmer og personleg vararepresentantar.
6. Val av formann i representantskapet med vararepresentant.
7. Val av revisor, eventuelt kontrollnemnd.
8. Andre saker som står på sakslista.

Til å førebu valet på neste årsmøte skal det veljast ei valmemnd på 5 medlemmar + 2 varamedlemmar. Desse skal veljast for to år. Etter eitt år går 2 ut ved loddtrekning. Sidan 2 eller 3 annakvart år.

§ 10 Halvårsmøte

Halvårsmøte i representantskapet skal haldast innan utgangen av september og handsamar rekneskapsoversyn per 1. juli og andre saker som står på sakslista.

§ 11 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret saman med formannen i representantskapet eller når medlemmer som representerer minst 1/3 av andelane gjer krav om det. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama saker som er sette opp på sakslista for dette møtet.

§ 12 Styret

Styret i USH skal ha fem medlemmer. Formannen skal veljast for eitt år og 4 styremedlemmer for to år. Av dei som er valde første gongen går 2 ut av styret etter eitt år etter loddtrekning og deretter dei som har gjort lengst teneste i styret.

Dei nye styremedlemmane går straks inn i styret. Dersom eit medlem av representantskapet blir vald inn i styret, går vararepresentanten inn i representantskapet.

Kassastyrer, varaformann og skrivar vert valde av og innan styret (konstituerer seg sjølv).

Styret kan ta avgjerd i saker når meir enn halvparten av styremedlemmene er tilstades, mellom dei formann eller varaformann. Ved likt røystetal gjer formannen si røyst utslaget.

Ved val eller tilsetjing er den vald eller tilsett som får flest røyster. Styret kan på førehand fastsetje at det skal røystast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei røystene som er gitt. Står røystetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved loddtrekning. I andre tilfelle der røystene står likt, gjeld det som møteleiar har røysta for.

Styret har ikkje høve til å selje, pantsetje eller på annan måte hefte laget sine faste eigedomar. Styret kan heller ikkje gjere avtale om kausjonplikt av nokon slag, eller bruka USH sine inntekter til anna enn vedlikehald og drift av huset.

Det skal førast protokoll over forhandlingane i styret. Protokollen skal underskrivast av alle som er til stades på møtet. Underskrifta til formannen, eller i hans fråvær, underskrifta til varaformannen, er bindande for USH.

§ 13 Forretningsfører, vaktmeister og annan arbeidshjelp

Styret kan tilsetje forretningsfører, vaktmeister og annan arbeidshjelp etter at representantskapet har gjort vedtak om at det skal opprettast slike stillingar. Styret leier og har tilsyn med arbeidet til forretningsfører og vaktmeisteren. Dei tilsette skal rette seg etter påbod som styret eller formannen gjev. Vaktmeisteren er også underlagt forretningsføraren si arbeidsleiing og må retta seg etter påbod som forretningsføraren og/eller styret og styreformannen gjev.

For begge stillingane gjeld instruks utarbeidd av styret og godkjent av representantskapet.

§ 14 Rekneskap og budsjett

Styret i USH skal syte for at det vert ført tilfredsstillande rekneskap. Rekneskapen følgjer kalenderåret og vert gjort opp og avslutta per 31. desember. Årsrekneskap og status med underskrift av revisor og kontrollnemnd og framlegg til budsjett for komande år skal sendast ut saman med sakspapira seinast 1 veke før årsmøte.

Årsoverskotet skal nyttast til drift og vedlikehald av samfunnshuset. Er det ledige midler etter at forannnevnte er sikra, kan desse nyttast til andre formål som gagnar nærmiljøet.

§ 15 Revisjon og kontrollnemnd

Årsmøtet i USH skal velje ein eller fleire revisorer med turvande fagkunskap. Revisjonen skal utførast etter dei instruksar som USH fastsett.

Dersom USH har tilsett revisor, vel årsmøtet i representantskapet ei kontrollnemnd på tre medlemmar som gjennomgår revisjonsmerknader og styreprotokoll og gjev si tilråding til årsmøtet.

§ 16 Endring i vedtektene

Endringar i vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte i USH og krev minst 2/3 feirtal av dei røystene som er gjevne. Framlegg til endringar av vedtektene må vere kome til styret seinast tre månader før USH har årsmøte.

§ 17 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av USH eller overdraging av heile formuen kan berre gjerast på årsmøte i USH der alle medlemmane er innkalla. Vedtaket skal godkjennast av Kultur- og kyrkjedepartementet.

Dersom oppløysing eller overdraging av eiga skal kunne vedtakast, må minst 2/3 av røystene vera representert og minst 2/3 av røystene vera for framlegget. Dersom ikkje 2/3 av røystene er representert på møtet, kan oppløysing eller overdraging av andelane likevel vedtakast dersom 2/3 av dei frammøtte på eit nytt møte, der alle medlemmane er innkalla med minst ein månads varsel, røyster for framlegget, og då utan omsyn til talet på representerte røyster.

Ved oppløysing skal USH sin netto formue utloddes til formål som gagnar nærmiljøet.